



Vang kommune

Jacobus Marinus Oggel
Åsvangvegen 13b
2975 VANG I VALDRES

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AAEEMI-2022004611 -4

Arkiv:

GBNR-71/52

Vår dato:

07.07.2026

Saksnr.	Utval
133/26	Hovudutval for utvikling

Tillatelse til tiltak - Fasadeendring og tilbygg

Tiltak: Fasadeendring og tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 71/52 Åsvangvegen 6
Tiltakshavar: Jacobus Marinus Oggel
Åsvangvegen 13b
2975 VANG I VALDRES

Ansvarleg søkjar:

Vedtak

Vang kommune godkjenner søknad om løyve til fasadeendring og tilbygg på gnr. 71 bnr. 52. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-3.

Saksopplysningar

Det er søkt om løyve til fasadeendring og tilbygg på gnr. 71 bnr. 53. Egedomen er regulert til bustadføremaal i reguleringsplanen for «Åsvang».

Kommunen fekk søknad om tiltaket 1.juli 2026. Søknaden inneheld naudsynnte teikningar og andre tekniske opplysningar. Søknaden mangla erklæring om ansvarsrett for tiltaket. Det ble søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar den 3.juli 2026. Søknaden var komplett den 3.juli 2026.

Tiltaket er nabovarsla i tråd med pbl. § 21-3. Det foreligg ingen merknadar til saka.

Vurdering

Omsøkte tiltak blir vurdert til å vere i samsvar med føremål og føresegner i reguleringsplanen for «Åsvang». Tiltakshavar har søkt om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar. Kommunen anser at tiltakshaver har naudsynt kompetanse, og godkjenner søknaden om sjølvbyggjar.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar datert 30.06.2026 med journaldato 01.07.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen, i tilfelle tilsyn eller kontroll.
- Vi legg til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl. § 23-3.
- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.
- Du/de kan ikkje ta i bruk bygningen/tiltaket før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.
- Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
- Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl. § 23-2.

Du kan klage på dette vedtaket

Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Dersom kommunen ikkje tek klaga til følge, blir klaga send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Gebyr

Du må betale eit gebyr på kr 6 170 jf. Vang kommune sitt gebyrregulativ. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Emilie Aaen

Saksbehandlar bygg og tilsyn

Dir. tlf.: 418 76 349

E-post: emilie.aaen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.